Nytt om namn

Meldingsblad for Norsk namnelag

Nr. 8 -1988

Oslo 1988

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)
Redaktørar: Botolv Helleland og Kristoffer Kruken
Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,
Universitetet i Oslo

Nr. 8 - 1988

Arne Jørgensen har lagt stoffet til rette for edb.

Redaksjonen er avslutta 28. oktober 1988

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. (07) 59 65 00.
Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Tlf. (05) 21 24 22.

Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02) 45 43 75.
Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5007 Bergen).

Kontingenten er no 130 kr for året

INNHALD

Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking	4
Landsmøte i Norsk namnelag	6
Møte i samarbeidsnemnda for namnegransking	7
Formannen har ordet	8
Innbyding til nordisk forskarkurs	15
Museumsoversyn	16
Nytt nordisk namneforskarregister	16
Nordisk namnegransking 1987	16
Tips til ein stanamnbibliograf	17
Ny styrar ved Institutt for namnegransking	17
Nytt nordisk storinstitutt	17
Storflyplass og stadnamninnsamling	18
Namnegransking i Noreg	18
Årsmelding for Institutt for namnegransking	18
Namn og Nemne	19
Medlemskap i Norsk namnelag	19
Internasjonal namnegranskarkongress	19
Dataregistrering av stadnamn	19
Personnamn som særpensum i vidaregåande skule	20
Stadnamn lengst i nord	22
Transskripsjonssystem til Norsk stadnamnbase	24
Nytt frå Michelin	26
Doktoravhandling i samanliknande målvitskap	28
Utbreiingskart over stadnamnledd	29
Norderlendske fyrenamn	31
Svensk lærebok i stadnamngransking	32
Navnedagskalender 1989	33
Namn og eldre busetnad	34
Denotasjonsskifte i stadnamn	35
Sjurdsmess eller skjursmess	36
Pluss-initialnamn	37
Soga om birkebeinar og baglar	39

DEN 5. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING
Fredag 18. november 1988

Stad: Auditorium 3, Sophus Bugges hus
Universitetssenteret, Blindern, Oslo

Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn

P R O G R A M

Kl. 8.30 Ekspedisjonssjef Johs. Aanderaa, Kultur- og vitskapsdepartementet: Om departementet sitt arbeid med framlegg til nye reglar for skrivemåten av stadnamn

Spørsmålsrunde

Kl. 9.00 Professor Eyvind Fjeld Halvorsen: Rettskrivingsreglar og rettskrivingsprinsipp for stadnamn

Kl. 9.20 Amanuensis Botolv Helleland: Etymologisk eller uttalenær skrivemåte av stadnamn?

Diskusjon

Kl. 10.00 Kaffi og kringle

Kl. 10.30 Prosjektleiar Finn Myrvang: Normeringsproblem i nordnorske stadnamn

Kl. 10.50 Prosjektmedarbeidar Arne Kruse: Normeringsproblem ved namnsetjing på nytt fylkeskart for Møre og Romsdal

Kl. 11.10 Lektor Ivar Aars: Dialekt og stadnamn i Valdres

Kl. 11.30 Diskusjon

Kl. 12.30 Lunsj i Frederikke

Kl. 13.30 Fyrsteamanuensis Gulbrand Alhaug, professor Jørn Sandnes og fyrsteamanuensis Ola Stemshaug: Landsdelsuniversiteta si oppgåve ved ei desentralisert konsulentteneste

Diskusjon

Kl. 14.00 Professor Ole Henrik Magga: Normering av finske og samiske stadnamn i Nord-Noreg

Diskusjon

Kl. 14.30 Vigleik Leira: Om Norsk språkråd sitt arbeid med utanlandske stadnamn

Pause

Kl. 15.00 Avdelingsdirektør Ann-Christin Mattisson, Lantmäteriverket, Gävle: Uttaleliste for svenske stadnam

Diskusjon

Kl. 15.30 Professor Finn-Erik Vinje: Uttale av namn i NRK

Diskusjon

KI. 16.00 Konferansen er slutt

Kl. 16.30 Landsmøte i Norsk namnelag (sjå eiga innkalling)

Påmelding til konferansen innan 16.11.88 til Institutt for namnegransking, pb. 1011, Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02)454375 Deltakaravgift kr. 80,-, som inkluderer kaffi-/kringle og konferanserapport (kjem ut i 1989)

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG
Fredag 18. november kl. 16.30 i Sophus Bugges hus
Universitetssenteret, Blindern, Oslo

S A K L I S T E

1. Melding om verksemda i Norsk namnelag 1986-88

2. Tidsskriftet Namn og Nemne

3. Meldingsbladet Nytt om namn

4. Rekneskap

5. Val

6. Ymse

(Lovene for Norsk namnelag vart vedtekne på skipingsmøtet 18. november 1983. Dei er prenta i Nytt om namn nr. 1, s. 3-5)

Det er nogle yndige Blomster
— hvad hedder de?
— Andersen.

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Laurdag 19. november 1988 kl. 10
Seminarrom 1, Chateau Neuf, Majorstua, Oslo

S A K L I S T E

1. Konstituering

2. Merknader til referat og innkalling

3. Eventuell tilråding om lovproposisjonen om stadnamn

4. Drøfting av innstillinga frå Datautvalet for stadnamn

5. Regionale innsamlingsprosjekt

6. Undervisning, rekruttering

7. Gardsnamn i adressesamanheng

8. Ymse

Eyvind Fjeld Halvorsen
formann

Formannen har ordet:

"FOR DEI GAV OSS EIN ARV TIL Å GØYMA"
Kor lenge skal ein vente på ei lov om stadnamn?

"Han ventar ikkje til fånyttes som ventar på noko godt" seier ordtaket. Lenge har folk trudd at framlegget til ny lov om stadnamn var dags ventande, men det let vente på seg. Både vinter og vår er lidne, "og neste sommer med og det hele år" som det står i songen, ein song Kulturdepartementet kan gjere til sin. Det er fem år sidan nemnd-utgreiinga om skrivemåten av stadnamn låg føre (NOU 1983:6), så det skulle ikkje vere urimeleg verk for departementet å fare or hustøflene.

Kopist Aasmund Olavsson Vinje røynde òg at dei taka det med mak i Kongens gard, han var ei tid tilsett i Statens store Fehus, som han ordla seg. I romanen med den talande titelen "Arbeidsfolk" fortel Alexander Kielland korleis dei driv det i departementet. Der finst eit skåp - eller kanskje var det ein skuff - der saker vert lagde - og der dei vert liggjande. Kaos vart staden kalla, og kanskje heiter han det framleis. Framlegget til ny stadnamnlov må etter alt å døme ha hamna her.

Saka har vore drøfta og førebudd i mange år. Ho stod på saklista i Norsk språknemnd og sidan i Norsk språkråd. Folk og samskipnader som er vyrke for stadnamna, og som ynskjer fastare og klårare reglar for stadnamn, har skuva på for å få saka av lunnane. Men, nei - dei ventar framleis.

Og saka har overlevd skiftande riksstyre med ei rad med annsame statsrådar, men dei har gjerne så mangt anna å tenkje på. Eller er det slik at saka har vorte politisk vanskeleg? I politikken er mange redde for å verte våte på føtene, og dei skjeglar etter politiske agn som alle kan sluke. Stadnamnsaka ser ufårleg og einfeld ut, men er det kanskje ikkje?

Alle er samde om at stadnamna er ein nasjonal skatt og ein kulturarv som må vyrdslast og haldast i hevd for komande ætter. Spørsmålet er berre korleis det skal gjerast. Denne lange ventinga og drøftinga må ha ein

grunn. Det kan ikkje berre vere sommel og slendrian som held folk for narr så lenge.

Vi nemner i fleng nokre spørsmål som vi tenkjer oss kan ha taggar:

Kva retningsliner skal leggjast til grunn for skrivemåten - landsgyldige former eller målføreformer, eller ei blanding av begge?

Kven skal avgjere korleis stadnamn skal skrivast? Er det eigaren av garden eller bruket, eller eit offentleg organ?

Korleis skal ei rådgjevingsteneste i stadnamn skipast - skal tenesta desentraliserast og leggjast til Nordisk institutt ved universitet eller høgskular kring i landet, og skal det setjast eit samlande organ på toppen?

Kva skal gjerast med den aukande mengda av nye gatenamn og vegnamn som no kjem til i kvar krå i landet? Skal dei få gå på sjølvstyr slik dei til dels har gjort til denne tid, då fantasien ofte har vore sterkare enn vitet.

Og kven skal betale gildet? Til det kjem at stadnamngransking ikkje er ein einfeld og i alle måtar eksakt vitskap som kan gje endelege svar på alle namnespørsmål. Ofte må gamalt og nytt leve jamsides.

Målstrid eller namnefred

Alt den gongen stadnamnsaka vart drøfta i Språknemnda og Språkrådet, låg det i lufta at her hadde vi eit stort område som hadde samanheng med rettskrivingsfred og målsak. Den gongen dei aller fleste norske stadnamna vart skrivne på dansk vis, var den norske namnereisinga ei viktig side av målsaka. Meiningslause og rangtydde stadnamn måtte få ein skrivemåte i samsvar med den heimlege namnebruken (Selje for Selløe, Snåsa for Sneaasen, Vanse for Vandsø o.fl.). Danske namneformer heng enno att, t.d. i nokre bynamn, men dei høyrer til ei namnegruppe som Stortinget steller med. I slike høve er det politikarane og ikkje fagfolka som avgjer skrivemåten (t.d. Drøbak, Kragerø, Florø, Bodø, Vardø o.fl.).

Sjølvsagt har namnesaker samanheng med målstriden elles i landet. Det har særlege historiske grunnar. Dei ligg alltid under, mesta same kva målemne som er drøfta. Men

stadnamna må vi sjå på som våre eldste historiske kjelder, dei er eldre enn all målstrid. Dei eldste går attende til førhistorisk tid og fortel om busetnad, levekår og samferdsel. I mange høve lever gamle namn sitt eige liv, upåverka av målvoksteren elles. Ikkje få ord er utdøydde i talemålet og finst einast att i gamle stadnamn, som ofte ikkje er råd å tyde med visse.

Stadnamnspørsmål er såleis ikkje berre noko som er avgrensa til rettskrivingsstrid frå siste hundreåret, men grip mykje djupare og vidare.

Kven eig stadnamna?

Ytst på Staden ligg eit ruvande fjell som frå gamalt av heiter Kjeringa. Folk som samlar på turistar, vil selje staden til utlendingar. Dei har døypt Kjeringa om til Vest-Kapp. Nord-Kapp er mønsteret her i landet. På same vis er Lindesnes namna om til Sør-Kapp.

Spørsmålet melder seg straks. Kven eig stadnamna, og kan folk etter eige tykkje byte ut gamle namn med nylaga nemningar?

Eit anna spørsmål melder seg med det same. Kan grunneigaren på eiga hand avgjere korleis eit stadnamn skal skrivast? Det ser slik ut no ettersom høgsterettsdomane i 1961 gjorde det klårt at staten ikkje hadde heimel til å fastsetje skrivemåten av bruksnamn mot eigaren sitt ynske. Og nyss fekk nokre grunneigarar i Vang i Valdres innført skrivemåten Heen på det økonomiske kartverket, mot den tradisjonelle og rette skrivemåten Hæn. Heen er derimot vanleg som slektsnamn.

Rettstilstanden er no såleis slik at kven som helst med grunnlag i høgsterettsdomane kan krevje å få innført sin eigen skrivemåte. Både Voll, Vold og Wold kan tenkjast som bruksnamn, og det under same matrikkelgarden.

Det seier seg sjølv at privatfolk ikkje kan oreigne gamle og hevdvunne stadnamn og gjere med dei som dei vil, anten vrake namna og finne på nye etter eige tykkje eller skrive namna som det fell dei inn. Etter mitt skjøn kan ikkje stadnamna vere privat eigedom. Dei høyrer heile samfunnet til. Dette gjeld òg gardsnamn og bruksnamn, og alle nedervde stadnamn på land og sjø. Vermeldarane i

radio turar fram med Dogger og Fisker, utan å bry seg om namnetradisjonen eller kva fiskarar og sjøfolk seier.

Postverket og Telegrafverket er heller ikkje fri for sjølvtekt i så måte. Kjem du til Selja og spør etter Stadvåg(en), må folk gisse seg fram. Spør du etter Honningsvågen, kan alle svare. I stadnamnvernet er det ikkje noko argument at det finst andre stader med same namnet.

Ættenamn og gardsnamn

Ei mengd ættenamn kjem frå gardsnamn eller andre stadnamn. Mange gløymer likevel at ættenamn (familienamn) og stadnamn er ulike ting og ofte skil lag i skrivemåten, sjølv om dei har same språklege opphav. Folk smiler gjerne noko nedlatande når dei møter Hermann Sauenbach i Ivar Aasens "Ervingen". Han som ber dette namnet, har forma det om til noko han trur er tysk, men tydinga vert nærast 'grisebekken'. Til grunn for namnet ligg det norske gardsnamnet Saudebakken. Aasen skriv òg eit lesarbrev til "Dølen" og kallar seg Ohle Ohlzén Scharfvebagchen som må lesast Ola Olsson Skarvebakken.

Ofte fell stadnamn og ættenamn saman i skrivemåte, men mange gonger har òg ættenamnet fått ei avstikkande form som gjer det mesta ukjenneleg, t.d. Bahcke, Bach, Daell, Løchen, Naess, Quam, Hvamb, Hoell, Quisling, Wiig for berre å nemne nokre døme. Det seier seg sjølv at norske gards- og bruksnamn ikkje kan fylgje dei mange tilfeldige bokstavkombinasjonane som finst i ættenamn.

Namn på fredlyste lokalitetar

For nokre år sidan fredlyste Miljøverndepartementet eit steinslag som finst på garden Grytingane i Selje. Den gamle matrikkelen skreiv Grytting, og denne namneforma har òg vorte brukt som ættenamn. At departementet brukte forma Grytting, kan anten kome av skort på fagkunnskap eller av ei reint formalistisk tru på autoriteten til dei danske formene på eldre kart og i andre offentlege kjelder. Feilen kunne ha vore retta dersom namnet hadde vorte lagt fram for namnekonsulentane til vurdering.

Nett i dette høvet kan dei som har ansvaret for namnevedtaket, orsake seg med at jamvel det nye M711-kartet har skrivemåten Grytting, noko som i sin tur har samanheng med at den statlege konsulenttenesta ikkje har vore godt nok utbygd. Elles har ikkje Miljøverndepartementet i særleg grad nytta seg av fagleg ekspertise når det gjeld namnsetjing av fredlyste lokalitetar. Både i dét departementet og i andre departement synest det vere ein del byråkratar som ikkje kjenner til reglane for statleg namnsetjing.

Namn på vegskilt

Skrivemåten på vegskilta her i landet sprikjer mykje. Det ser ut til at vegkontora må bere hovudansvaret for dei mange range namneformene. Vi finn t.d. Seter og Sæther, Langset og Langseth, Lid, Li og Lie, Lefdal for Leivdal og mange andre døme.

Det synest vere ein utbreidd praksis at vegstellet i fylka konfererer med kommunen om kva skrivemåte som skal nyttast på vegskilt - og kommunen høyrer i sin tur på ynskjemåla til grunneigarane eller lokale interessegrupper. Dette kan nok sjåast på som eit uttrykk for ein lokal sjølvråderett, men denne framgangsmåten fører til mange feil og mistydde namneformer. Og det kan ikkje vere ynskjeleg. Mange av desse range skrivemåtane finst på vegkart og i kartbøker, særleg slike som er gjevne ut av private tiltak, og etter som tida går, vert det vanskelegare å byte dei ut med rette namn. Også kostnadene med å få opp nye skilt vert nytta som argument for at ein ikkje skal endre på namn som er feilskrivne. I desse tider er det eit særleg godt påskot til å fri seg frå eit tenesteansvar.

Her må det òg nemnast at mange nye tunnel- og brunamn får rang form, t.d. Flåtentunnelen for Flotatunnelen, Rombaken bru for Rombaksbrua. Slike uheldige namnelagingar vil ein fort kunne rekne i hundretals langs norske riksvegar.

Namnekonsulentar og rettleiingsteneste

Eit viktig spørsmål er korleis rettleiingstenesta og konsulentarbeidet skal skipast og byggjast ut for å tryggje eit einskapleg norsk namneverk. Det finst knapt eit einaste norsk kart som ikkje inneheld mistak og rangskrivne namneformer. Verst er det når offisielle kart og draft ikkje er rette. Sume feil kjem truleg av gåløyse, andre kjem av skort på kunnskap og kjennskap til målet på staden. Å ha tilsyn med og ansvaret for skrivemåten av stadnamn er ei stor og innfløkt oppgåve. Statens namnekonsulentar har gjort og gjer eit framifrå arbeid, men det krev meir av tid og krefter enn nokre få kan makte. I dei siste åra har konsulentane hatt god hjelp av ein velkvalifisert sekretær, men dette strekk heller ikkje til andsynes den store mengda av namnesaker.

Ei betre utbygd konsulentteneste er naudsynt. Men ein må ikkje innføre eit tungrodd byråkrati med alle dei vanskane som det fører med seg. På hi sida er arbeidet for stort og vidsveimt til at det kan vere nattarbeid for folk som er nedlesste med arbeid frå før. Tanken om å desentralisere rettleiingstenesta til dei faglege institusjonane ved universitet og høgskular kunne vere ein farande veg. Men kven det no er som skal stå for rettleiingstenesta, så må det vere folk med vitskapleg bakgrunn i stadnamngransking. Og så bør det skipast eit samlande og sakkunnig organ til å avgjere tvilsspørsmål og usemje mellom dei lærde. Politiske vedtak løyser ingen flokar. Tvert om.

Skrivemåten

Eit anna viktig spørsmål er kva skrivereglar stadnamna bør fylgje. Det minste ein bør krevje, er at reglane er eintydige og let seg fylgje, og at dei svarar til norsk skriveskikk. I eit land med store målføreskilnader er det knapt å vente at vi i dag kan få full einskap i alle ting. Både innarbeidde skriftformer og målføreformer må det i ein viss mon takast omsyn til. Men hovudmålet må vere å ta vare på den språklege einskapen i namneverket.

Gate- og vegnamn

Det er påbode at gater og vegar (adresseparsellar) i tettstrok på minst 1000 innbyggjarar skal ha gate- og vegnamn. I kvart herad er det ei namnenemnd som er politisk vald, og ho kjem med framlegg til namn, som heradsstyret eller formannskapet gjer vedtak om. I det siste har det vore større vilje enn før til å hente fram att gamle naturnamn og teignamn frå staden og bruke desse namna i dei nye gatenamna. Men mange gatenamn som er vedtekne, verkar framande, ja beint fram meiningslause. Sume av dei lokale stadnamna vert heller ikkje rekna for "fine" nok, kva no folk måtte leggje i det.

Eit stort vandemål er oppkalling etter folk. Ikkje sjeldan er det gatenamnet som held liv i menneske som ingen lenger minnest. Ein tanke kan det vere å la folk få gravfred ei romsleg tid før dei vert vekte opp att i gatenamna.

For gate- og vegnamna bør dei same reglane gjelde som for andre stadnamn. Det bør såleis heite t.d. Kongsgata og ikkje Kongens gate når nye gatenamn vert laga.

Opplysning vil hjelpe mykje, men fagkunnskap er heller ikkje av vegen. I den nye handboka om adressetildeling i kommunane (Kommunalforlaget 1986) er det teke med eit kapittel om namnsetjing av vegar og gater. Men det bør òg kome på tale å drøfte ei rådgjevingsteneste for dei kommunale namnenemndene, slik at vi kan ha von om å få sett på fote ein betre namneskikk.

"Ein arv til å gøyma"

Mange ventar no på framlegget til den nye stadnamnlova. Vi får vone at den lange ventetida likevel fører med seg noko godt. Namn på stader er ikkje noko som kan oreignast av einskildmann og skrivast ut frå skjøn og godtykkje. Det er tale om språklege minnesmerke som treng vernast i ei form som tek omsyn til både den nedervde uttalen og til eit samlande nasjonalt namneverk. Det er ein skatt til å gøyme som folk skuldar å halde oppe og vyrdsle. "So når fedrane sjå att på jordi, dei kan kjenna sitt folk og sitt land."

Reidar Djupedal

INBJUDAN TILL FORSKARKURS I ORTNAMN OCH BEBYGGELSEHISTORIA

På uppdrag av Nordiska samarbetskommittén för namnforskning (NORNA) och inom ramen för Nordiska forskarkurser anordnas vid Uppsala universitet 7-12 augusti 1989 en kurs i ortnamn och bebyggelsehistoria i tvärvetenskaplig belysning.

Bebyggelse- eller bosättningshistoria är i sig en tvärvetenskaplig forskningsgren, som - förutom från ortnamnsforskningens sida - tilldrar sig intresse främst från ämnena arkeologi, kulturgeografi och historia. I detta samanhang står bebyggelse- eller bosättningsonomastiken i centrum. Kursen vänder sig till forskare och forskarstuderande i de angivna ämnena. Den avser att ge grundläggande kunskaper ifråga om ortnamnstypologi, ortnamnskronologi och bebyggelsenamnsstruktur, om bebyggelseutveckling från bronsålder till medeltid och om gammal territoriell indelning. Kursen består av föreläsningar av representanter för de ovannämnda vetenskaperna samt uppföljande seminarier och två heldagsexkursioner i Uppland. Vid antagandet till kursen fästs särskild vikt dels vid relevanta förkunskaper, dels vid de sökandes behov av kursen. Viss litteratur förutsätts inläst i förväg.

Ledare för kursen är professor Thorsten Andersson, Seminariet för nordisk ortnamnsforskning vid Uppsala universitet. Närmare upplysningar om kursen ges av docent Lena Peterson, som också tillhandahåller anmälningsblanketter. Anmälan görs till henne senast 1 april 1989. Adress: Docent Lena Peterson, Institutionen för nordiska språk, Box 513, S-751 20 Uppsala. Telefon: 018/181279.

Thorsten Andersson
Uppsala

MUSEUMSOVERSYN

Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer (NKKM), med adresse Ullevålsveien 11, 0165 Oslo 1, har gjeve ut ei alfabetisk namne- og adresseliste over alle museum og institusjonar som er med i samanslutninga. Gjennom denne lista kan ein få greie på kva musea heiter, og kvar dei finst. Også namnet på styraren er ført opp. Til slutt kjem ei liste over personlege medlemmer.

NYTT NORDISK NAMNEFORSKARREGISTER

Ein svært nyttig publikasjon har kome ut i ny utgåve. Det er Nordisk namneforskarregister 1988, redigert av Tom Schmidt, sekretær for NORNA. Heftet er utgjeve som NORNA-rapporter 38 og kan tingast gjennom NORNA-förlaget, S:t Johannesgatan 11, S-752 21 Uppsala.

Registeret har med namn, adresser og prosjekttitlar til dei aller fleste aktive nordiske namnegranskarane. Dessutan er det teke med dei viktigaste nordiske institusjonane der det vert arbeidt med namnegransking. Namnegranskarar utanfor Norden har òg fått plass dersom dei arbeider med prosjekt som har tilknyting til nordiske emne.

NORDISK NAMNEGRANSKING 1987

Nordisk samarbeidskomité for namnegransking gjev kvart år ut eit oversyn over dei faglege aktivitetane i meldingsåret, som arkiv, innsamling, prosjekt, publisering. Oversynet for 1987 kjem i haust. Det er eit særtrykk av det svenske tidsskriftet Namn och bygd 75, utgjeve som NORNA-rapporter 39 gjennom NORNA-förlaget (sjå ovanfor). Også dette heftet er redigert av Tom Schmidt.

TIPS TIL EIN STADNAMNBIBLIOGRAF

Som nemnt i nr. 7 av Nytt om namn held Terje Larsen på med ei revidert utgåve av Norsk stadnamnbibliografi, og han vil gjerne ha tips om stadnamnlitteratur, særleg stoff som finst i meir bortgøymde publikasjonar. Adressa hans er Institutt for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3.

NY STYRAR VED INSTITUTT FOR NAMNEGRANSKING

Amanuensis Kristoffer Kruken er vald til styrar for Institutt for namnegransking for bolken 1989-91. Styraren no, amanuensis Tom Schmidt, er vald til varastyrar for same bolken.

NAMNEGRANSKING INN I EIT NORDISK STORINSTITUTT?

Ved Universitetet i Oslo ligg det no føre eit framlegg om å slå saman Institutt for namnegransking, Leksikografisk institutt, Målførearkivet og Nordisk institutt til eit storinstitutt med namnet Nordisk institutt. Dei ulike institutta skal kunna halda fram som "faggrupper" med eit visst fagleg sjølvstyre. Andre institutt ved Det historisk-filosofiske fakultetet skal slåast saman på ein tilsvarande måte.

Framlegget, som er eit ledd i ein rasjonaliseringsprosess, har til dels møtt stor motstand i dei institutta det gjeld. Både ulik fagtradisjon og geografisk spreiing vert nytta som argument mot samanslåinga. Det er mogeleg den nye instituttstrukturen kan setjast i verk alt i 1989-90.

STORFLYPLASS OG STADNAMNINNSAMLING

Etter at Stortinget i sommar gjorde vedtak om å byggja den nye storflyplassen på Hurum, har riksantikvaren og fylkeskulturavdelingane i Buskerud og Akershus drøft korleis kulturminna i området skal registrerast og takast vare på. Det er fyrst og fremst faste kulturminne det er sett av midlar til, i samsvar med lov om kulturminne. Sentralt i dette arbeidet står Oldsaksamlinga ved Universitetet i Oslo.

Også stadnamninnsamling er teke med i registreringsplanen, men det er førebels ikkje sett av midlar til dette arbeidet. Institutt for namnegransking er invitert til å vera med i dei vidare drøftingane med tanke på å laga ein plan for innsamling av stadnamn i Hurum og dei tilgrensande områda.

NAMNEGRANSKING I NOREG

I nr. 5-6 av Nytt om namn hadde me eit oversyn over norske namnegranskarar og prosjekta deira. Oversynet var ikkje fullstendig, og redaksjonen vil gjerne få melding om namn og prosjekt som bør takast med. Ei tilleggsliste vil då koma i eit seinare nummer av meldingsbladet.

INSTITUTT FOR NAMNEGRANSKING - ÅRSMELDING 1987

Institutt for namnegransking. Årsmelding 1987 kjem ut mot slutten av 1988. Dette er den 11. årgangen, og i staden for det vanlege artikkelstoffet har instituttet valt å prenta eit samla namne- og emneregister for dei 10 føregåande årgangane. Heftet vil kosta kr 50,- og kan tingast gjennom Institutt for namnegransking, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3.

NAMN OG NEMNE

Tidsskriftet til Norsk namnelag, Namn og Nemne, kjem med sin 5. årgang (1988) rundt årsskiftet, som vanleg med varierte og spanande artiklar frå ulike sider av norsk namnegransking.

Retting av eit årstal i Nytt om namn nr. 7

Nytt om namn nr. 7-1988 har fått årstalet "1987" på kolofonsida. Det skal vera 1988 som på framsida.

MEDLEMSKAP I NORSK NAMNELAG

Om du ikkje alt er medlem i Norsk namnelag, vert du det ved å skriva namn og adresse på eit kort eller eit ark og senda det til "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Sydnesplass 9, 5007 Bergen. Institusjonar, lag, skular o.l. kan og verta medlemmer.

INTERNASJONAL NAMNEGRANSKARKONGRESS

Den XVII. internasjonale namnegranskarkongressen skal haldast i Helsingfors 13.-18. august 1990. Påmeldingsfristen er 15. april 1989. Adresse: ICOS - 1990. Helsingin Yliopisto, Castrenianum, Fabianinkatu 33, SF-00170 Helsinki.

DATAREGISTRERING AV STADNAMN

I førre nr. av Nytt om namn vart det nemnt at bladet ville koma attende til opplegg og program for dataregistrering av stadnamn. Sidan denne saka skal takast opp på møtet i Samarbeidsnemnda for namnegransking 19.11.88, vil redaksjonen venta til neste nummer med ei breiare drøfting av spørsmålet.

PERSONNAMN SOM SÆRPENSUM I VIDAREGÅANDE SKULE

Ved Firda vidaregåande skule, Sandane, har det i tre år vore arbeidd med **personnamn** som særpensum ved sida av tema innan litteratur - og dessutan filmkunnskap. 30-40 stykke, om lag 1/3, har valt personnamn.

Opplegg og oppgåvetypar

Elevane vel tema for særpensum om våren i 2. klasse. Til haustferien i 3. klasse skal dei ha grunnmaterialet ferdig, anten det er referat frå bøker, filmar eller ei namnesamling. Frå oktober til jul arbeider dei to timar for veka med det innsamla materialet. Personnamnsamlinga skal innehalde namn på 70-90 personar. Lærebok er Norsk personnamnleksikon. Denne boka vert nytta som oppslagsverk for namnetydingar og for pensum, sams for alle.

Til no har vi hatt tre ulike typar arbeid:

1. Samanlikning av namn henta frå to ulike aldersstеg, t.d. russekulla 1928 og 1988. Her vart det ganske mange namn, og EDB vart teke i bruk.
2. Namn i eit geografisk avgrensa område, t.d. ei grend.
3. Ætta. Dette er den store gruppa. Ein del tok utgangspunkt i 4H-arbeid, eller dei hadde ei slektsbok.

Både ved oppgåve to og tre vart det nytta intervju. Ved desse oppgåvetypane skulle elevane òg tolke namna. Her var leksikonet grunnboka. Det vart lagt vekt på kva som stod om namnet i samband med opplysningar knytt til Sogn og Fjordane. Dei skulle òg ta med klengenamn, døme: Bakste-Brite pga. yrket, Per-Kjell om Kjell frå Pergarden, Gillen for Egil. Lokal uttale av namn vart òg notert, døme: Jøde for Gyda, Jøsop for Josef.

Resultat

Den vanskelegaste og mest interessante delen av oppgåva var å lesa informasjon ut av desse opplysningane.

Først las vi det historisk og såg på oppkalling. Sidan dei fleste oppgåvene er frå solid bondesamfunn, der dei same mannsnamna går att vekselvis i annakvar generasjon,

kan det egge fantasien når ein finn eit brot. Svaret har nokre gonger kome når vi såg namnet på morfaren. Eldstesonen, kalla opp etter farfaren, var truleg død, og son nr. 2 fekk garden. Vi kan lesa familietragedie ut av stoffet der vi finn t.d. tre som heiter Randi i same syskenflokken. Alle døydde som småborn, den siste same året ho var fødd; mora har òg same dødsår. Mora vart "reist opp" i mannens neste ekteskap; deira eldste dotter fekk hennar namn.

Endringar i oppkallingsskikkar: Her kan det vera endring frå heile namnet til første bokstav, allitterasjon. I dei seinare generasjonar har dobbeltnamna kome inn i tradisjonen.

Frigjering frå oppkallingsskikkane er det lite eller ikkje noko av på dei gardane som vi har hatt materiale frå. Ein elev skreiv det slik: "Det skulle ei sterk svigerdotter til for å bryta den skikken."

Der namna på heile syskenflokkar er med, har vi funne spor etter norskdomsbylgja el. -bylgjene. Ein syskenflokk hadde berre "heimelaga" namn. Dei hadde ein kreativ far som òg blanda seg inn i namna til barnebarna. Den anglo-amerikanske kulturen har kome inn på to måtar: den vanlege frå media og tidlegare ved oppkalling av slekt i Amerika, døme: Odella.

Vi las òg materialet samanliknande. Dette var tenleg der nokon hadde slekt frå ulike stader. Ei jente hadde slekt i ei "innlandsbygd" og ei "sjøbygd" i Nordfjord og i Nordhordland. Det var interessant å sjå skilnad i tid for dei ulike namnebylgjene og skilnad i namnetilfang.

Samanliknande lesing vart òg nytta ved oppgåvetype 2. Innflyttarane sine namn kunne skilja seg noko ut, men ikkje namna til borna deira.

Uttalen av namn arbeidde vi ein del med. Døme: Namnet Karin har i alle fall tre ulike uttaleformer på desse kantar. Vi kan òg få høyra at "eg heiter Randi, det er ho bestemor som heiter Ranni", eller "bestefar vert kalla Ødd, eg heiter Ådd". Begge dei siste er døypte Odd, sjølvsagt.

Kva ville vi oppnå?
Vi arbeidde saman med elevane med dette stoffet for at dei skulle

- få kunnskap om personnamn, kva namn tyder, kor namna kjem frå, variantar av same rota (Helga, Helge, Olga og Laila i same klassen var faktisk i "namneslekt")
- læra at namn speglar kulturstraumar, tradisjonar, historie, språk
- bli meir medvitne når det gjeld namn
- få forståing for verdiar dei finn i sitt heimemiljø.

Vårt arbeid er noko prega av at elevane kjem frå bygdemiljø, men det er mange måtar å samle tilfang på. Det skulle ikkje vera vanskeleg å tilpassa oppgåvetype 1 og 2. Elevane kan samla namn i sitt nærmiljø eller dei kan ta namn ut frå den litteraturen dei les i fritida t.d.

Eg vil rå norsklærarar til å prøva personnamn som tema i særpensum eller i norskfaget elles.

Asbjørg Apalset
Vereide

STADNAMN LENGST I NORD

Det skjer eitt og anna med stadnamnbruken i Finnmark for tida. Etter kvart som samisk språk får auka prestisje, vil den verkelege språkstoda i fylket bli meir synleg. I framtida vil vi alle få merke dette i den offisielle namnebruken. Utviklinga er begynt.

Namn på grender og bygder
Reiser du frå Alta mot Kautokeino, vil du sjå at vegvesenet har bytt ut ein del skilt med feilstava namn. Først og fremst legg ein kanskje merke til at skiltet med bygdenamnet Masi no er bytt ut med det korrekte Máze. Dei første månadene stod rett nok z-en feil veg, men også det er retta no. Ved den kjende Suoluvuopmi fjellstove er det òg komme opp nytt skilt. Tidlegare var dette namnet gjerne stava Solovomi.

Men alt er ikkje bra. Finnmark Dagblad tok i ein notis 25. mars i år opp at grenda Cuovdatmohkki må ha norsk rekord i feilstavingar i avisene. Plassen har ofte dei lågaste temperaturane i landet, difor blir namnet rett som det er nemnt i media utafor Finnmark òg. Frå Dagbladet (i Oslo) hadde Finnmark Dagblad såleis saksa både skrivemåten Cåwbåtmåkki og Gaurbatmakki.

Verre er det at staten òg kan gje seg ut på slike medvetslause stavemåtar. Miljøverndepartementet har sett opp eit nytt skilt ved helleristningsfeltet i Jiebmaluokta i Alta. På nytt har dei brukt den vanvittige skriveforma Hjemmeluft.

Kommunenamn

Tidlegare Kautokeino kommune har no endeleg fått lov til å kalle seg Guovdageaidnu. Det er mange år sidan kommunestyret først vedtok dette, men staten har halde fast på prinsippet om at norske kommunar skal ha "norske namn". I dette tilfellet har altså eit forvrengt samisk namn vorte sett på som betre enn den korrekt stava forma av namnet. Det er unødvendig å føye til at fleirtalet av folket i kommunen naturlegvis heile tida har sagt "Guovdageaidnu".

Av stillingsannonsar o.l. i avisene har eg sett at Karasjok òg har begynt å bruke den samiske forma av kommunenamnet ved sida av den "norske". Men dei har visstnok ikkje fått løyve frå staten til dette enno. Men i mars i år vedtok Nesseby kommune i Aust-Finnmark å søkje om å få bruke det samiske namnet Unjárga på kommunen. Eit liknande framlegg i kommunestyret i Tysfjord i Nordland vart nedstemt - etter aksjonar og underskriftskampanjar mot samisk namn.

I alle desse tilfella er det tale om dobbeltnamn der både norsk og samisk namn skal brukast etter nærare fastsette reglar.

Fylkesnamn

Skikkeleg strid vart det da Guovdageainnu Sámi Searvi (Kautokeino sameforening) i vår gjorde framlegg om at Finnmark fylke burde endre namn til Sámi fylka av di dei opplevde førstelekken Finn- som eit nedsetjande ord.

Fylkesordføraren i Troms, Kirsten Myklevoll, meinte at Troms og Finnmark fylke burde ha sidestilte samiske og norske namn. Fylkesmannen i Finnmark, Anders Aune, er derimot sterkt imot både namneskifte og dobbeltnamn. Til avisene seier han: "Skulle man følge dette forslaget betyr det at man ville innrette seg etter en minoritet av fylkets befolkning, noe som ikke er riktig." (Ságat 16.4.1988.)

Reaksjonane som er komne til avisene i form av lesarbrev og innringingar frå gode nordmenn, eignar seg elles ikkje på prent i eit seriøst blad som dette. Det er berre å slå fast at det er sterk motstand mot samiske namn i store delar av den einspråklege norske folkegruppa i fylket. Det er såleis langt att til jamstelling mellom samiske og norske namn. Men noko er på gang.

Jon Todal
Alta

TRANSSKRIPSJONSSYSTEM TIL NORSK STADNAMNBASE

Statusrapport 20/10-1988

På Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking i 1985 la eg fram til diskusjon eit framlegg til ein transskripsjonsstandard, som kunne brukas i samband med den systematiske registreringa av stadnamn i Norge. Etterpå har Joleik Øverby komme med nyttige merknader (jf. rapporten frå konferansen), og transskripsjonsstandarden har vore utprøvd i stadnamnprosjekta på Vestlandet. På grunnlag av merknader og erfaringar er standarden nå blitt revidert, og han har fått ei endelig form som Samarbeidsnemnda har slutta seg til. Denne reviderte versjonen er framstilt i ei "handbok": Transskripsjonssystem til Norsk stadnamnbase. Innføring i transskripsjonsstandarden og katalog over dei fonologiske systema i stadnamnbasen.

Ei prøveutgåve av handboka blei laga i vår i samband med eit seminar for vestlandsprosjekta. Ei meir endelig utgåve vonar eg kan ligge ferdig før året er ute.

Inn i denne handboka går det altså - som undertittelen seier - ein "fonologisk katalog", som gir eit kort oppsett av det fonologiske systemet i kvar dialekt. I katalogen er nesten heile Møre og Romsdal alt dekt, og Sogn og Fjordane ligg like etter. Dialektane i noen bygder i Hordaland er òg beskrivne, men elles er det førebels tilfeldig og spreidd det som er komme med.

Tanken er å sette inn i katalogen nye skjema etter kvart som fleire dialektar blir beskrivne. Det er langt opp og fram før alle bygder og byar i Norge er komne med, men etter opplegget kan ein ikkje registrere stadnamn or noen dialekt før dialekten er beskriven i katalogen. Dermed vil dette dialektbeskrivingsarbeidet gå parallelt med framdrifta i dataregistreringa av stadnamn. Det vil etter kvart komme ajourførte utgåver av katalogen.

I tillegg til å vere til praktisk nytte for Norsk stadnamnbase, reknar eg med at katalogen òg kan få stor verdi innafor norsk dialektforsking.

Jarle Ebeling, programmerar ved Nordisk institutt, er begynt å arbeide med eit automatisk korrekturprogram til transskripsjonsstandarden. Materiale frå fylkesbasane i Sogn og Fjordane og i Møre og Romsdal blir brukt til å prøve ut programmet.

Materialet frå desse to fylka er registrert i ulike baseprogram, men etter same standardskjemaet som Samarbeidsnemnda har vedtatt. Vi ønskjer nå å få erfaringar med å støype saman ulike fylkesbasar, og å utvikle ymse søkje-, seleksjons-, sorterings- og utskriftprogram. Med ei slik programvare vil etter kvart ein Norsk stadnamnbase kunne vere i funksjon, for ikkje så rett lite materiale ligg allereie dataført etter standardskjemaet.

Helge Sandøy
Nordisk institutt
Bergen

NYTT FRÅ MICHELIN

Som "gamal kartmeldar" i Nytt om namn (eg har meldt eitt kart i mitt liv) er eg beden om å kommentere eit kart frå den franske dekk-giganten Michelin. Det dekkjer Skandinavia og Finland og er i målestokken 1:1 500 000 (1 cm = 15 km). I tillegg er det med kart over dei seks største byane i Norden (1:300 000).

I det ytre er det eit lekkert kart, slik dei fleste kart er i dag. Men som vanleg er her mangt å setje fingeren på ved namneformene, endå namninga er heller sparsam i visse område. Eg avgrensar meg elles til å sjå på norske namn.

Reine trykkfeil burde ikkje finnast på kart. Dei er like skjemmande som når det snik seg inn feil i ei diktsamling, og på eit kart skulle dei vere minst like lette å oppdage. I farten har eg funne desse trykkfeila: Aursuden, Haltdålen, Hemme, Langforden og Snøhefta. Namna er så kjende at dei rette namneformene gir seg sjølv.

Ei rekkje samansetningar, særleg med -veien og -vegen som etterledd, er skrivne i to ord, slik mange lite skriveføre nordmenn gjer i dag. Dette er eit såpass gjennomgåande drag ved namninga at det må reknast for primitive språkfeil og ikkje korrekturglippar: Birkebeiner veien, Friis veien, Peer Gynt veien; Blå vegen og Saga vegen. Alle burde vel elles ha hatt -vegen som etterledd, og Trollstigveien burde ha vore retta til Trollstigen. I Bremanger-Landet og Birkebeiner-Løypa (namna går over to linjer) har ein gått for langt andre vegen og forsynt etterledda med stor bokstav.

Av namneformer som er direkte feil, må særleg Glomma nemnast. Former som Setesdalsheiene og Bykleheiene er vel også mot offisiell normering. I Trøndelag finn ein Sylene, mot -an i bf.flt. i Okstindan (Nordland) og Istindan (Troms). Forma Prekestolen i Rogaland forundrar meg.

Rett komposisjonsfuge er viktig, og då skal vel Vøringfossen òg ha -s- (jf. NSL), men helst bør ein vel bruke Vøringen. Former som Lustrafjorden og Jølstravatnet må ein vere glad for å finne, men då vil vi òg ha den ekte forma Voldsfjorden (ikkje Volda-) lenger nord.

Eit drag som går att på alle kart, er inkonsekvensar i bunden og ubunden form i naturnamn, der bruken skulle tilseie bunden form overalt (t.d. i namn på øyar, fjordar og fjell). For administrative namn (kommunenamn, bygdenamn, namn på poststader osb.) og gardsnamn er dette ei sak med mange sider, som namnegranskarane ikkje har teke alvorleg nok. Når det er snakk om reine naturnamn og namnet har bunden form i uttalen, skulle det vere ei kurant sak å skrive Femunden (slik i NSL, jf. òg Aursunden), Nordfjorden (om fjorden), Glittertinden (ubf. på mange kart, men alltid bf. i Galdhøpiggen), Briksdalen og Hornindalsvatnet.

Særleg er inkonsekvensane openberre i skrivemåten av øynamna. I Nord-Noreg finn vi følgjande døme (frå sør til nord): Moskenesøya, Vestvågøy, Austvågøy, Hinnøya, Langøya, Andøya, Kvaløy, Ringvassøy, Arnøy, Sørøya, Rolvsøya og Magerøya (7-5 til bf.). Dette er då reine lottorekkja! Det som kan verke forstyrrande når ein skal velje mellom bunden og ubunden form, er når øynamnet samstundes er kommunenamn (t.d. Vestvågøy). Men alle desse namna har same skrifttypar på kartet, og kommunenamna er ikkje systematisk avmerkte.

Etter dette må ein ha lov til å spørje: Kvifor skal ein på kart kunne setje inn og ta ut bunden artikkel i stadnamn utan mål eller meining? Enn om nokon "fiksa" på litterære tekster på same måten, slik at vi fekk "Mellom bakkar og berg utmed hav / heve nordmannen (el. Normann!) fenge sin heim", for ikkje å snakke om i fedrelandssongen: "Ja, vi elsker dette land / som det stiger frem, / furet, værbitt over vann / med de tusen hjem"!

Når ein melder ei bok, veit ein kven forfattaren eller omsetjaren er. Kven som er ansvarleg for namninga på kart, får ein sjeldan eller aldri vite. Namnekonsulenten fortel at namna er henta frå Cappelens kart og M711-serien, og han har sett på nokre sprikjande namneformer. Då står det dessverre berre att å slå fast at "førelegga" endå ein gong ikkje har vore gode nok.

Terje Aarset
Volda

DOKTORAVHANDLING I SAMANLIKNANDE MÅLVITSKAP VIKTIG FOR NAMNEGRANSKING

Sist i vårsemesteret 1988 disputerte Harald Bjorvand ved Univ. i Oslo på avhandlinga Holt og holtar. Om utviklingen av det indoeuropeiske kollektivum i norrønt på sammenlignende grunnlag. Boka tek m.a. for seg ein del nøytrale (j)a-stomnar i norrønt, holt - holtar, berg - bergar, vatn - vatnar, men òg andre subst., t.d. sáð - sáðar el. sáðir. Det som må ha mest interesse her, er vel dei ord og nemne som gjeng att i norrøne stadnamn, og som me kan møta att i nynorske namneformer som Bergan, Holtan, Nessane o.fl. Formelt sett fell slike former saman med flt. av (j)o-stomnar. Ein kan berre minna om nynorske fleirtalsformer som elvar, grindar, heiar, røysar. I norrønt flt. på -ar i nøytrumsord er det ikkje tale om noko genusskifte. At slike former har eit anna opphav, har ein lenge vore klår over.

Gjennom ein samanliknande analyse av flt.-former i indoeur. og i sume afrikanske mål kjem Bjorvand fram til at me har å gjera med ei gamal bøygningstype som truleg svarar til -eH^2/H^2 (rekonstruksjon med laryngalar). Dette morfemet har kollektiv tyding, og det ser ut til å ha funnest ein serskild numerus kollektiv. Det ter seg i norrøne flt.-former som Bergar, Holtar, Husar. "Nordiske gårder med navnet Bergar/Bjargar fpl. ligger i mange tilfeller ved eller på én høgde" (s.264). I slike namn er det ikkje svall om fleire berg, men heller ei bergmengd.

Her ligg det eit spanande emne og ventar på ein stadnamngranskar og semantikar. Det eg serleg tenkjer på, er eintal vsa. flt. i namn som Åsen - Åsane, Haugen - Haugane, Berg(et) - Bergan el. Bergo. Det same problemet møter ein vel ved tilsvarande ord i appellativisk bruk. Om me seier: bonden har stor skog el. store skogar og garden har stor utrost el. store utraster, er det ikkje tale om einskilde skogar el. utraster, men heller om stor mengd.

Bjorvand har laga ei spanande, lærd og klårskriven avhandling. Jamvel om dei fleste av oss stundom kan vingla i all denne lærdomen, er boka nyttig for alle som arbeider

med nordisk morfologi, og i serleg mon gjeld vel det namnegranskarar.

Magne Myhren
Oslo

UTBREIINGSKART OVER STADNAMNLEDD

Praktverk frå Stadnamnarkivet i Hessen i Vest-Tyskland

Hessischer Flurnamenatlas. Herausgegeben von Hans Ramge. Arbeiten der Hessischen Historischen Kommission. Neue Folge Band 3. Darmstadt 1987. Pris DM 160,-.

Mange som driv med innsamling og gransking av stadnamn kunne nok tenkja seg å få ulike typar og variantar av stadnamna og grunnorda framstilte på oversynskart, t.d. på fylkes- eller landsnivå. Ei slik framstillingsform ville krevja at det aller meste av tilfanget var innsamla, ordna og til dels analysert, og vidare at det var lagt inn på data med dei einskildopplysningane som var naudsynte. Sjølv om ein har kome eit stykke på veg for einskilde område her til lands, er det langt att før materialet ligg til rette for ein slik presentasjon - og for eit stadnamn-atlas med det omfang og det format som nyss er gjeve ut for delstaten (Bundesland) Hessen i Vest-Tyskland.

Det dreiar seg på ingen måte om eit lommeatlas - både tekst- og kartsider er i A3-format (det doble av eit vanleg A4 skriveark). Tekstdelen på vel 60 svære sider gjer greie for korleis verket er oppbygd, kva materiale som ligg til grunn, korleis det er analysert, databehandla og framstilt på temakart ved hjelp av ulike symbol. Ei fyldig litteraturliste er òg teken med. I føreordet vert det opplyst at prosjektet har teke 7 år.

Den andre og største delen inneheld 143 heilsides kart over ulike namneledd og dei viktigaste lokale variantane av desse ledda. Til kvar kartside høyrer ei tekstside som gjer nærare greie for etymologi, lydutvikling, utbreiing o.a. for dei einskilde namneledda. Her finn ein òg tabellar som viser om det aktuelle ordet er usamansett

eller samansett i stadnamn, og om det er grunnord eller utmerkingsord.

I tekstdelen er det gjort greie for utvalskriteria. Til grunn for framstillinga ligg 280 000 dataregistrerte stadnamn (mark- og teignamn) frå Hessen, samla ved arkivet i Giessen. Eitt vilkår for at eit ord (namneledd) er teke med, er at det skal vera oppteikna minst 40 gonger. Vidare må det variera i form innan delstaten.

Ei oppslagsform som Breite f. 'breitt jordstykke' førekjem i 8 ulike former, t.d. Breite, Brate, Brete til saman 251 gonger, både usamansett og samansett. Ein kan finna ut meir nøyaktig kvar i Hessen dei ulike formene førekjem ved å leggja over ein transparent som fylgjer med atlaset.

Rekkjefylgja av dei ulike orda byggjer på kva bruksområde namneleddet representerer, som jordbrukstilhøve, husdyrhald, naturlege eigenskapar ved namneobjektet, andre kulturaktivitetar.

Som oppslagsord er oftast berre éi form nytta, men stundom førekjem to eller tre former. På karta og i den tilhøyrande teksten er derimot vanlegvis ei rekkje dialektale variantar framstilte, til saman over 600.

Hessischer Flurnamenatlas er såleis ei kartografisk framstilling av det viktigaste lokale ordmaterialet (særleg "grunnord") som går inn i stadnamna i denne delstaten, ordna etter dialektform og utbreiing. Til grunn for verket ligg det ei grundig drøfting av fonologiske, etymologiske, kvantitative og datamaskinelle tilhøve. Viktige prinsipielle spørsmål som tilhøvet mellom munnlege og skriftlege former, utnytting av lekmannsoppskrifter, avgrensing av "variantar" og fastsetjing av den opphavlege forma vert her diskuterte på ein oversiktleg og pedagogisk måte. Hovudpersonen bak verket er den aktive og produktive professor Hans Ramge. Stiftinga Volkswagenwerk har støtt utgjevinga økonomisk.

Etter mitt syn er dette eit pionérarbeid som bør vera til inspirasjon for andre lands fagmiljø.

BH

NORDERLENDSKE FYRENAMN

Eivind Vågslid: Norderlendske fyrenamn. Namnebok. Eigen utgjevnad. Eidsvoll 1988. 436 s.

Da Eivind Vågslid døydde i 1986, let han etter seg eit prenteferdig manuskript om personnamn som dotter hans, Arnlaug Skjæveland, no har gjevi ut. Det har vorti ei stor og staseleg bok som ærar både forfattar og utgjevar. Oddvar Nes har skrivi etterord om Vågslid og livsverket hans - eit verk det står age av, same kor usamd ein kan vera i dei resultata han nådde.

Boka gjev eit samlande, alfabetisk oversyn over førenamn som har rot i norrønt, gammalsvensk, gammaldansk eller islandsk; også segnhistoriske namn og namn på gudar og andre mytiske vesen (t.d. dvergar) er med. Frå Noreg har Vågslid ført opp alle namn som viser seg i skrift føre 1801. Han nemner òg mange dialektformer av gamle namn, men nye norske samansetjingar er tidast utelatne så framt dei ikkje finst i nyislandsk. Det moderne islandske tilfanget er i det heile meir åtgådd enn det norske. Med di lånenamna er haldne utanfor, gjev boka berre halv kunnskap om kva namn som har vorti brukte dei siste tusen åra.

Namna er normaliserte til nynorsk etter heller stramme reglar. Sidan følgjer tyding og språklege merknader av ymse slag, og saman med det opplysning om skrivemåtar og variantar frå eldste til yngste tid. Forf. tek òg med mykje kultur- og personalhistorie. Alt er haldi i ei klår og presis form.

Tolkingane grunnar seg på det synet at personnamn likså vel som stadnamn ikkje inneheld minne om gudar og gudedyrking, men er laga av ord for verdslege ting og tilhøve (s.13). Såleis tyder ikkje Ås- 'gud', men 'jordeigar', og Tor- er ikkje gudenamnet, men eit ord for 'fiske' el. 'fiskestad'. Også ein del andre namn og ledd tolkar han annleis no enn i den førre boka si, Norsk navnebok (1930), der han stort sett følgde rådande lære. Leddet Hall- t.d. er endra frå 'glimestein' til 'stort rom, hus'. Toledda namn blir tolka som om dei var språkleg logiske samansetjingar, såleis Hallkjell 'kjelen i hallen, huset, um

han som gjev mat til heimen', og Gunnhild 'stridskvinna i ufred eller ho som vernar mot strid'.

Desse synsmåtane har ikkje vunni hevd i nordisk namnegransking. Eg meiner dei ikkje har tyngd nok til å slå gjennom i framtida heller. Like fullt vil boka ha varande verd med det umåtelege materialet som her er samla og sikta.

KK

SVENSK LÆREBOK I STADNAMNGRANSKING

Ei av dei mest lesne lærebøkene i svensk og nordisk namnegransking har kome i ny utgåve (den 5.) i år. Det er Ortnamnen i Sverige av docent Bengt Pamp ved Dialekt- och ortnamnsarkivet i Lund.

Fyrste utgåva kom i 1974, året etter Ola Stemshaug si tilsvarande norske bok, Namn i Noreg. I Sverige hadde Harry Ståhl alt i 1970 gjeve ut læreboka Ortnamn och ortnamnsforskning. Pioneren i den nordiske læreboklitteraturen etter krigen må likevel seiast å vera dansken Kristian Hald med Vore Stednavne frå 1950. Ei auka utgåve av denne boka kom i 1965. Men ingen av desse bøkene har gjort det meir problemorienterte tobindsverket Stednavneforskning 1-2 (1972, 1979) til Vibeke Christensen/Dalberg og John Kousgård Sørensen overflødig.

Den nye utgåva av Ortnamnen i Sverige er omarbeidd og oppdatert i høve til tidlegare utgåver og skulle såleis vera à jour med dagens "Stand der Forschung". Ho har eit større og meir handfast format enn det tidlegare lommeformatet, sjølv om dét hadde sine føremonar for den som skulle granska stadnamn i marka.

Boka drøfter dei viktigaste sidene ved stadnamngransking, som terminologi, granskingshistorikk og metode. Ei drøfting av prinsippa for skrivemåten av stadnamn er derimot ikkje med, men dette er visseleg ei mindre kontroversiell sak i Sverige enn i Noreg.

Største delen av framstillinga er vigd studiet av einskilde namneledd og namnegrupper. Heilt nytt er kapittelet

om namn på svenske byar (ordna alfabetisk) og gatenamn. Nyttig er òg det fyldige litteraturoversynet (over 60 sider) som er ordna tematisk.

Ortnamnen i Sverige er eit sentralt verk for den som vil setja seg inn i nordisk stadnamngransking. Boka er utgjeven av Studentlitteratur, Box 141, S-221 00 Uppsala.

BH

NAVNEDAGSKALENDER 1989

Når Almanakkforlaget for første gang gir ut en navnedagskalender, er dette som et forsøk på "å etablere en selvstendig norsk navnerekke med grunnlag i vår egen kalendertradisjon og vår nasjonale navngivning". Kalenderen inneholder en kort innledning om eldre navnedagstradisjon og om bakgrunnen for å ta opp denne igjen. Deretter følger en alfabetisk liste over navn og deres datoer. Utvalget av navn er basert på statistikk for perioden 1900-1982 og inneholder 769 ulike personnavn, hvert av dem knyttet til en dato. Til slutt kommer en oversikt over navnenes betydning.

Den eldre navnedagstradisjonen hadde sin bakgrunn i den katolske helgenkalenderen, der navnet markerte minnedag for en helgen. En del av disse dagene fikk også knyttet til seg en folkelig merkedagstradisjon og ble på den måten satt i forbindelse med arbeidslivets syklus. Dette gjelder f.eks. Mikkelsmess, da all avling skulle være i hus, og St.Hans/Jonsok, da man tok merke for hvordan været skulle bli resten av sommeren.

I den nye navnedagskalenderen har statistikk og tradisjon blitt veid mot hverandre, og de navnene som har fått plass i kalenderen, er valgt slik at 90% av Norges befolkning nå har fått sin navnedag. Dette tilsier at en hel del av navnene i den gamle rekken er tatt ut fordi de ikke lenger er i bruk, mens nye navn er kommet inn. Det er også blitt plass til nye merkedager, således er det

gjenreiste norske kongedømme markert den 22. juni, med navnene Håkon og Maud.

Navnedagskalender 1989 er altså samtidig en nyskaping og en revitalisering av eldre tradisjon. Dette er kanskje det beste utgangspunktet for å skape en levedyktig ny tradisjon; her er det på en balansert måte tatt hensyn til både historiske røtter og til dagens navnebruk. Vi må slutte oss til utgiverens håp om at navnedagstradisjonen kan brukes og markeres i ulike sammenhenger. Når det gjelder bruk i skoler og barnehager, som vel er mest aktuelt, må det likevel påpekes at mange av våre "nye nordmenn" ikke får noen navnedag gjennom denne kalenderen.

Navnedagskalender 1989
Almanakkforlaget
i samarbeid med Institutt for namnegransking

Anne Eriksen
Oslo

NAMN OG ELDRE BUSETNAD

Lesarane trur vel snart dette er ei framhaldssoge, sidan dei no møter same overskrifta for tredje gong. Men så stelt er det ikkje; vi vil berre føre omtalen av dette symposiet til endes. Staden var Hamar, tida 9.-12. juni, veret godt. Symposiet var internordisk og tverrfagleg, og hadde samla drygt 40 deltakarar frå faga arkeologi, botanikk, etnologi, historie, kulturgeografi, runologi og namnegransking. Det vart haldi 15 føredrag med etterfølgjande ordskifte. Vi er så fri å nemne dei norske bidraga først:

Jørn Sandnes: Gårdsnavn og bosetning på Nes, Hedmark, noen hovedlinjer; **Helge Salvesen**: Gårdsnavnsforskning som hjelpemiddel for bosetningshistorien - eller omvendt?; **Ulf Hafsten**: Biostratigrafisk belegg for at navneklassen holt kan ha sitt opphav i førkristen tid. Trøndergården Tømmerholts historie; **Margit Harsson**: Om ulike kriterium for registrering av øydegardar; **Bjørn Myhre**: Hvor gamle er

gårdsgrensene?; **Trond Løken** og **Inge Særheim** (v/Løken): Førhistorisk landsby på Forsandmoen ... kastar nytt lys over eldre norsk busetjingshistorie; **Ellen Anne Pedersen**: Rydningsrøysfelt og gravminner - spor av eldre gardsstruktur på Østlandet.

Frå dei andre nordiske landa: **Stefan Brink**: Bosättningsonomastik - tendenser, trender och traditioner; **Mats Widgren**: Fossila åkersystem, bygränser och namn. Exempel från Östergötland och Västergötland i Sverige; **Klas-Göran Selinge**: Ortnamnens funksjon i kulturlandskapet. **Timo Alanen**: By- och hemmansskikten i Södra Tavastland; **Saulo Kepsu**: Bosättningars och bosättningsnamnens kronologi i Valkeala; **Svend Gissel**: Tradition och traditionsbrud i landbebyggelsen på Falster; **Svavar Sigmundsson**: Bosættelse og navne i Árnessýsla; **Þórhallur Vilmundarson**: Semantik og bebyggelseshistorie; **Arne Thorsteinsson**: Bebyggelse og bebyggelsesnavne på Færøerne.

Programmet vart avrunda med ein panelsamtale der deltakarane drøfta utbytet av symposiet og drog opp liner for tverrfagleg samarbeid i komande år. Slike tiltak har vist seg å gje både lærdom og kveik. Samtidig var det mange som understreka at di meir medviten ein er om sitt eige fag, di betre blir det tverrfaglege arbeidet.

Det skal gjevast ut ein rapport med føredraga og diskusjonsinnlegga. Vi kjem nok attende til den òg. Elles er det hyggjeleg å kunne melde at symposiet blir følgd opp med eit nordisk forskarkurs i stadnamn og busetjingshistorie i Uppsala til sommaren (sjå s. 15). Det var ein føresetnad for kurset at symposiet var haldi føreåt.

KK

DENOTASJONSSKIFTE I STADNAMN

Hausten 1986 vart det haldi eit samnordisk symposium om dette emnet i Tvärminne i Finland. Denotasjon vil seie kva namnet er namn på, og denotasjonsskifte inneber da at namnet blir brukt om ein annan lokalitet enn før. Føredraga og drøftingane er no utgjevne som NORNA-rapporter 37

under tittelen: Denotationsbyte i ortnamn. Rapport från NORNA:s trettonde symposium i Tvärminne 9-11 oktober 1986. Red. av Peter Slotte. Uppsala 1988. 146 s.

Rapporten inneheld to større bidrag frå Noreg. Tom Schmidt skriv om gardsnamn brukte som bygdanamn, med døme frå Aurland og Stryn i Sogn og Fjordane og frå Øystre Slidre i Oppland. Margit Harsson tek opp på prinsipielt grunnlag skiljet mellom denotasjonsendring og årsaker til denotasjonsendring. Mange av dei andre føredraga gjeld òg spørsmål som har ålmenn interesse i namnegranskinga.

SJURDSMESS eller SKJURSMESS?

I nr. 4 av årboka for det svenske Johan Nordlandersällskapet, Tre kulturer (Umeå 1988, s.7-28), skriv Nils-Erik Eriksson om merkedagen sjurdsmess. Dagen er kjend i det nordlege Skandinavia, særleg Trøndelag, Jämtland og Hälsingland, og gjeld mest allstad 23. desember eller ein annan dag heilt innpå jula. Eriksson gjer greie for utbreiing og tradisjonar og drøftar ymse freistnader på tolking som har vori framme tidlegare. Han meiner føreleddet ikkje kan vera mannsnamnet Sjurd (<Sigurd) - som mange har hevda -, fordi det ikkje finst opplysningar om nokon helgen Sigurd med minnedag som høver til datoen for sjurdsmess.

Eriksson trur nemningsmotivet heller ligg i arbeidet med julveden, som nettopp utgjer eit tyngdepunkt i tradisjonen (saman med husvask og kroppsvask). Det byd seg da to løysingar: subst. skjul 'vedhus, vedrom' eller vb. skyra/skjura 'hogge ved'. Han held mest på den siste, men tek ikkje kategorisk standpunkt.

Framlegget lyt prøvast på både språkleg og kulturhistorisk grunnlag. Det er ikkje problemfritt med binde-s til eit verbalt føreledd. Har nemninga komi opp i Trøndelag, blir òg sjølve verbet vanskeleg. Ein annan knute er spørsmålet om novasjonsområde og spreiingsvegar, som forf. etter mitt syn spring for snøgt over. Det er elles vandt å finne parallellar til at -mess(e) i merkedagsnamn er nytta profant frå førsten. Alt i alt spørst det om ikkje

tolkinga med Sjurd byd på færre problem enn alternativa likevel. Den er m.a. språkleg utan lyte, og den let seg godt sameine med den gamle tanken om Nidaros som opphavsstad og sentrum for tradisjonen. Det siste må tilleggjast vekt når ein skal forklare kvifor spreiingsområdet har vorti som det er.

KK

PLUSS-INITIALNAMN

I Norsk forkortingsbok 2. oppl. 1977 av Løland og Thoresen kan ein m.a. lesa dette i føreordet: "Bruken av forkortinger ser ut til å bli stadig vanligere i våre dager, altfor vanlig vil mange si. Særlig gjelder dette initialforkortinger av typen NSB, FN, USA osv."

Eit godt tiår seinare må ein vel seia at denne utviklinga har halde fram i aukande omfang. I dag må ein mest ha med seg ei forkortingsordbok for å finna fram gjennom floraen av initialord og initialnamn i aviser, blad og allslags brosjyrer og oppslag. Denne etter måten nye skikken har visseleg hatt god støtte i ei tilsvarande utvikling i den engelskspråklege verda. Omfanget av kortord og kortnamn får ein eit visst inntrykk av ved å bla opp i Acronyms, Initialisms & Abbreviations Dictionary Vol. 1 (Leksikografisk institutt har ei utgåve frå 1978). Her finn ein ikring 170 000 oppføringar. Av desse er mange like, men med ulike innhald, t.d. PLUS for m.a. Potential Long Supply Utilization Screening og Program Library Update System.

Desse siste døma kan mogeleg gå inn i ei gruppe som eg vil ta fram her, og som eg har kalla nettopp "PLUSS-initialnamn" eller "PLUSS-kortnamn" (eller -ord når det tale om appellativiske samansetjingar), dvs. kortnamn/kortord som for lesaren gjev positive konnotasjonar. Dei nemnde engelskspråklege døma kan rett nok oppfattast som heilt nøytrale forkortingar der kvart ledd i den samansette nemninga er representert med førebokstaven.

Eit slikt døme på nordisk grunn er NORNA, som i norsk språkform står for Nordisk samarbeidskomité for namne-

gransking. Både assosiasjonen mot "nord" og det mytologiske vesenet "norne" er med på å gje kortnamnet ein plussverdi. Eit nærliggjande døme er NORNA-lex, som er eit prosjektnamn for leksikon over nordiske stadnamnelement. Båe desse kortnamna er komne frå den svenske namnegranskaren Lars Hellberg. Ei anna nordisk nyskaping er representert gjennom NORDPLUS, som står for Program för lärare, Utbildningssökande och Studerande.

Kortnamna har etter kvart breidd seg til dei fleste områda i samfunnet, men er særleg vanlege i forskingsmiljøa, vel m.a. for di det her trengst eit særleg differensiert omgrepsapparat. Eg nemner nokre fleire døme frå desse omkverva.

På Universitetet i Oslo heiter ei avdeling USE, og at det er Universitetets sentrale EDB-tjeneste som står bak eit slikt namn, forundrar nok ingen. UNI- er òg ein bokstavkombinasjon som har pluss-verdi, både med tanke på noko unikt, og med tanke på universitet. Så namn som UNIFORUM (for ei internavis på Blindern) og UNIK (for Universitetsstudiene på Kjeller) ligg nær for handa. Andre slike prosjektnamn er FOSFOR (Forskningsstiftelse i Osloregionen), KULT (Kultur- og tradisjonsformidlande forsking), FUNN (Forsknings- og Utviklings-Nett-Norge).

Det ser ut til å føregå ei aktiv namneskaping som i mange høve synest ha grunnlag i eit ynske om å formidla PLUSS-verdiar. Ofte kan det sjå ut som det fulle namnet vert konstruert med tanke på eit slåande kortnamn.

No er det ikkje noko nytt med PLUSS-verdiar i namngjeving - mange av hytte- og villanamna som Heimly og Marienlyst har vel same føremål, ja dette gjeld i røynda ofte når det er tale om å gje namn.

PLUSS-initialnamna utgjer ei heller ny gruppe for seg som det kan vera særleg grunn til å fylgja med i, og som ein gjerne skulle sett teke opp i ein meir systematisk samanheng.

BH

SOGA OM BIRKEBEINAR OG BAGLAR

Dei ymse tekstene av Soga om birkebeinar og baglar (Bøglunga søgur) vert no utgjevne for fyrste gong av Hallvard Magerøy på Solum forlag og med stønad frå Kjeldeskriftfondet. Verket er i to band på til saman 450 sider.

Band I inneheld innleiing med innhaldskommentarar og provføring for eit nytt syn på samanhengen mellom tekstene, og vidare namneregister og eit "summary". Band II inneheld tekster, skipa i samsvar med det nye synet på tekstsamanhengen, der Peder Claussens danske versjon er brukt til hovudtekst. Vidare har band II litteraturliste, namneregister til tekstene, eit skjematisk innhaldsoversyn og 7 kart. Soga om birkebeinar og baglar er ei av kongesogene. Ho dekkjer tida frå 1202 til 1217 i norsk soge.

For namnegranskarane har denne soga ei særskild interesse med di ho inneheld uvanleg mange stadnamn og personnamn (om lag 240). På karta bak i band II er stadnamna oppførte i si norrøne form.

BH

NORDERLENDSKE FYRENAMN
av
Eivind Vågslid

Namnebok 436 s. Med etterord av Oddvar Nes
Pris kr. 285,–

Send tinging til Eivind Vågslids bøker
5400 Stord

Returadresse:
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3

Har dette interesse for deg?

NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING

KONFERANSERAPPORTAR

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. 68 sider. Pris kr 20,-. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn)

2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. 93 sider. Pris kr 30,-. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn)

3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. 120 sider. Pris kr 40,-. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking)

4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. 194 sider. Pris kr 60,-. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering)

ISSN 0800 - 4676